



Kassemontering for fullt i ettermiddag. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Innreiinga av nybygget til SPAR går føre seg imponerende raskt og dei er allereie i innflyttingsfasen sjølv om den offisielle opninga ikkje skal skje før 1. juni.

I dag har trafikken vore kanalisert jennom den nye, store inngang og kassene og postavdelingen har vore under montering, for å nemna noko.

Det vert forresten 3 kassar mot 2 før så det skulle ikkje vera nokon grunn til å frykta kapasitetsproblem.

Av varer er det førebels berre frukt og grønt som har kome over på dei nye, 300 kvadratmetrane.

Ellers merkar vi oss, nærmast som eit kuriosum, at dagleg leiar Bente Nilnsen er tilgodesett med eit kontor på 12,8 kvadratmeter. Det beklagar ho seg ikkje over og seier det slik:

- Det spelar inga rolle, eg kunne klara meg med 4. For det er ute i butikken eg trivs og vil vera.

Bente har forresten også i dag vore i kontakt med Telenor om kabelbrotet og vorte lova normale tilhøve frå torsdag morgon.

- Men eg trur det ikkje før eg ser det, er kommentaren.

Av Ola Matti Mathisen